



Hordaland Fylkeskommune
postboks 7900
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1644 - 18/4717

Saksbehandlar:
Olav Mongstad
olav.mongstad@austrheim.kommune.no

Dato:
03.08.2018

Namn på bruer i Austrheim langs fylkesvegar

Viser til tidlegare korrespondanse i saka som gjeld namn på bruer i Austrheim. Saka har vore handsama etter namnelova. Stadnamnskonsulent har gjeve uttale, saka har vore lagt ut til offentleg høyring. Statens Vegvesen og Hordaland fylkeskommune har fått tilsendt høyringsframlegget. Austrheim kommunestyre gjorde i K-sak 89/16 vedtak i saka. Nokre av dei namna kommunestyret gjorde vedtak om, skal fastsetjast av fylkeskommunen v/fylkesutvalet.

Med dette ber vi om at de vedtar namn på fylgjande bruer langs fylkesveg:

Stad	NR	Austrheim kommunestyre sitt framlegg til namn	Tilråding frå namnekonsulenten	Vegnr.
Bru mellom fastlandet og Bakkøyna	1	Bakkøybrua		565
Bru over Kilstraumen	2	Kilstraumbua		565
Bru mellom Ulvøyna og Fosnøyna	3	Ulvøybrua		565
Bru over Bukkholmstraumen	4	Bukkholmstraumbua		568
Brukaret over til Lauvøyna på Sævrøyvegen	5	Kovesundbrua	Kovesundsbrua	568
Brua mellom Lauvøyna og Sævrøyna	6	Lauvøybrua		568
Brua over Sævrøysundet	8	Sævrøybrua		568
Brua over til Lerøyna	9	Lerøybrua		421
Brua i Synnevågen	10	Synnevågbrua	Synnevågsbrua	418

Nummeringa på bruene er sett utifrå nummereringa i den vedlagte saksutgreiinga. I saksframlegget står det feil på bru nr. 7. Det vert der sagt at det er fylket som skal vedta nemnet. Dette er feil, brua ligg på ein kommuinal veg.

I saksframlegget til kommunestyret hadde rådmannen grunngjeving for kvifor ein ikkje ville nytte genitivs –s- i namna på dei to bruene. Medan namnekonsulenten viser til ein del namn i Austrheim med genitivs –s-, peika rådmannen på at dette ikkje er konsekvent brukt i samansette namn i kommunen. Det vart sett opp ei liste i saksutgreiinga over namn der slik –s ikkje var nytta. Kommunestyret gjorde tilråding om å ikkje nytta genitivs –s i dei to manna.

Vi legg ved saksframlegget med bilete og omtale av alle bruene.
Med dette ber vi Hordaland fylkeskommune v/fylkesutvalet gjere vedtak i namnesakene.

Med helsing

Olav Mongstad
assisterande rådmann

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Bruer i Austrheim saksframlegg endeleg saksframlegg 18.08.2015
Tilrådde skrivemåtar på bruer i Austrheim
Namn på bruer i Austrheim
Namn på bruer i Austrheim

Mottakarar:

Hordaland Fylkeskommune postboks 7900 5020 BERGEN